



# VESTNES KOMMUNE

## Tekniske tenester

### Særutskrift – Melding om vedtak

Vestnes Energi AS  
Kyrkjevegen 12  
6240 ØRSKOG

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
09.11.2016		16083/2016	2016/1385	Jan Rune Jacobsen 71 18 40 47

### Oppstart av detaljreguleringsplan for bustader på Livneset

Vedlagt følger utskrift av saksbehandling og planutvalet sitt vedtak i saka.

Helsing

Jan Rune Jacobsen  
planleggar

Kopi til:  
Ikon Arkitekter og Ingeniører Postboks 25 6571 SMØLA

---

**Postadresse:**

Rådhuset  
6390 Vestnes

[www.vestnes.kommune.no](http://www.vestnes.kommune.no)

**Telefon:**

71 18 40 00

**Telefaks:**

71 18 40 01

**Org.nr.**

939 901 965

**E-post:** [postmottak@vestnes.kommune.no](mailto:postmottak@vestnes.kommune.no)



## VESTNES KOMMUNE

### Saksframlegg

Arkiv: L13  
Arkivsaksnr.: 2016/1385  
Saksbehandlar: Jan Rune Jacobsen  
Dato: 31.10.2016

### Oppstart av detaljreguleringsplan for bustader på Livneset

Utval	Møtedato	Utsalssak

#### Saksprotokoll i Planutvalet - 08.11.2016

#### Vedtak:

1. I medhald av PBL § 12-8 godkjenner planutvalet at det kan settast i gang arbeid med detaljreguleringsplan for Livneset på Helland, med formål bustadområde.
2. Sjølv om ny reguleringsplan for Vestnes sentrum ikkje er endeleg vedtatt, finn planutvalet det rett å legge føreslåtte rammer i den nye reguleringsplanen til grunn for detaljreguleringa.
3. Planutvalet viser til den nye reguleringsplana og ønskjer at ein legg til rette for ei så stor utnytting av rammene som muleg.

#### Behandling:

Knut Magne Flølo (Frp) var direkte inhabil jf. Kommunelova § 40, jf. Forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e) då han er styremedlem i Vestnes Energi AS.

Det var 6 røysteføre i saka.

#### Nytt pkt 3 utarbeidd i møte;

3. Planutvalet viser til den nye reguleringsplana og ønskjer at ein legg til rette for ei så stor utnytting av rammene som muleg.

## **Avrøysting:**

Det vart først røysta over nytt punkt 3 utarbeidd i møte.

Nytt punkt 3 vart samrøysta vedteke.

Det vart så røysta over innstillinga til administrasjonssjefen med nytt punkt 3 utarbeidd i møte.

Innstillinga til administrasjonssjefen med nytt punkt 3 utarbeidd i møte vart samrøysta vedteke.

## **Administrasjonssjefen si innstilling**

1. I medhald av PBL § 12-8 godkjenner planutvalet at det kan settast i gang arbeid med detaljreguleringsplan for Livneset på Helland, med formål bustadområde.
2. Sjølv om ny reguleringsplan for Vestnes sentrum ikkje er endeleg vedtatt, finn planutvalet det rett å legge føreslåtte rammer i den nye reguleringsplanen til grunn for detaljreguleringa.

## **SAKSUTGREIING:**

### **Bakgrunn:**

Vestnes Energi AS ber om at planmyndigheita godkjenner oppstart av reguleringsplanarbeid for bustader på Livneset. Intensjonen er å utvikle Livneset til eit attraktivt bustadområde innafor dei rammene ny reguleringsplan for Helland gir.

Ref. pkt. 2 i referat frå førehandskonferanse og vedlagte skisser/mulegheitsstudie. Skissene viser 4 alternativ, som eksempel på korleis Livneset kan utbyggast.

Plan- og bygningslova § 12-8 seier at når forslagsstillar er ein annan enn planmyndigheita sjølv, skal planspørsmålet leggast fram for planmyndigheita i møte. Kommunen kan gi råd om korleis planen bør utarbeidast og kan bistå i planarbeidet.

### **Vurdering:**

Etter adm.sjefen si vurdering har Livneset stort potensiale som framtidig bustadområde. Som tiltakshavar seier, kan det på Livneset skapst eit spesielt, annleis og attraktivt område, som set Vestnes på kartet. Nærleik til fjorden, god solgang, nærleik til sentrumsfunksjonane og den planlagde Sjøfronten understreker dette.

Adm.sjefen meiner det er rett å relatere arbeidet til ny reguleringsplan for sentrumsområdet, sjølv om denne ikkje er endeleg vedtatt. Det einaste som står igjen er å avklare motsegna frå Statens vegvesen vedkomande den 4. arma på rundkjøringa ved Idrettsparken. Dette er heilt uavhengig av utviklinga på Livneset.

Den nye reguleringsplanen gir rammer både for etasjetal, utnyttingsgrad og korleis det kan vinnast meir land ved utfylling. Dei 4 alternative skissene som er framlagde, er alle eksempel på korleis området kan nyttast innafor reguleringsplanens rammer. Adm.sjefen viser elles til

vedlagte referat frå førehandskonferansen, samt plankart og føresegner for ny reguleringsplan for Vestnes sentrum.

Særutskrift til:  
Vestnes Energi  
Ikon Arkitekter og Ingeniører

Vedlegg:

- 1 Søknad om oppstart av regulering av Livneset
- 2 Referat frå Førehandskonferanse
- 3 Skisser - mulighetsstudie Livneset
- 4 Føresegner - ny reg.plan Helland
- 5 Plankart - ny reg.plan Helland